



SAKSHANDSAMAR  
Line Bårdseng  
Hanne Merete Moldung

INNVALSTELEFON

+47 98202808

DYKKAR DATO

TELEFAKS  
+47 22 94 04 04  
postmottak@ra.no  
www.riksantikvaren.no

VÅR REF.  
11/01633-58

DYKKAR REF.  
201807496 - 201807497  
- 201807500 -  
201807501/04 -  
201807502 - 201807494

VÅR DATO  
25.06.2018

ARK. P - Plansaker

248,260, 263-265,268 Bergen kom. - Ho

Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 Bergen

## Varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid for Bybanen frå Sentrum til Åsane, Bergen kommune. Riksantikvarens innspel

Riksantikvaren viser til oversending frå Hordaland fylkeskommune datert 22.05.2018 der Riksantikvaren vert beden om innspel i ovannemnde sak. Riksantikvaren si fråsegn gjeld *Mellomalderbyen Bergen*, området med automatisk freda bygrunn, Bergenhus og Sverresborg festning og Bryggen som verdsarvstad. Fråsegna gjeld delstrekning 1, Kaigaten – Sandbrogaten, detaljregulering med planid. 65800000 og den del av delstrekning 2, Sandbrogaten – Eidsvåggtunnelen, områderegulering med planid. 65810000 som ligg innanfor avgrensinga av mellomalderbyen.

### Bakgrunn

Riksantikvaren har gitt fråsegn til konsekvensutgreiinga til Hordaland fylkeskommune i brev av 06.05.2013, og til tilleggsutgreiingane 25.10.2013. Vi viser vidare til brev av 26.11.2014 til Byrådet i Bergen. Samstundes har vi delteke på fleire møter med Bergen kommune. Siste møte var 23.3.2018 med Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune.

Riksantikvaren ser at Bybanen er eit viktig tiltak for Bergen. Vårt ansvar er likevel å sjå til at det blir teke nok omsyn til kulturminna.

### Saka

Bergen bystyre vedtok 20. april 2016 (sak 88/16) å leggje traseen for Bybanen frå sentrum til Åsane. Traseen i Sandviken med forlenga Fløyfjellstunnel vart vedteken 31. januar 2018 (sak 19/18).

No har kommunen varsla oppstart av reguleringsplanarbeid for Bybanen frå sentrum til Åsane og delt traseen inn i fire delstrekningar. Delstrekning 1 inneber bybane framfor Bryggen og at Øvregaten er planlagd som trafikkavlastningsveg.

### Kulturminne og kulturmiljøinteresser

Mellomalderbyen omfattar aktivitetsspor knytt til busetnad, handverk, handel, sjøfart, sakralt og urbant liv. Over kulturlaga frå mellomalder er det kulturlag og kulturminne frå Bergens etterreformatoriske historie opp til dagens Bergen.

I mellomalderbyane skal det sikrast eit variert og representativt utval av kulturmiljø og kulturminne over og under bakken. I område kor bevaringsforholda er gode, er det viktig med løysingar som gjer det mogleg å aktivisere areala til nytte for byen, utan at bevaringsforholda til kulturlaga vert forverra. Hovudmålet i forvaltinga av mellomalderbyane er å sikre kulturminneverdiane i samspel med byutviklinga. Eit slikt vern hindrar ikkje ein vidare utvikling av byen, men utviklinga må skje på mellomalderbyen sine premisser.

Vågsbunnen og Bryggen utgjer mellomalderbyen sitt sentrum, der Bryggen hadde funksjon som byens hamnekvarter, mens Vågsbunnen var bustad- og handverksområde. Mellomalderen sin bygningsstruktur og gatenett kan sjåast i området i dag. Det er ståande mellomalderkyrkjer i området og stort omfang av arkeologiske kulturminne. Området for traseen for Bybanen består av kulturlag med svært ulik samansetnad, i tjukn og i alder. I Sandbrogaten er dei eldste kulturlaga frå 1100-talet, og kulturlaga representerer eit reservoar av kunnskap om Bergen sin tidlegaste historie.

Dei organiske kulturlaga er fundamenta for både freda og verneverdige bygningar og verneverdig kulturmiljø. Erfaringar frå Prosjekt Bryggen har gitt ny kunnskap om samanhengen mellom vatn, oksygen og organisk materiale, og om korleis tilgang til oksygen og fråvær av vatn fører til nedbryting av organisk materiale og setningsskadar.

Øvregaten var 'stretet' i mellomalderen. Gata følgde omtrent Øvregaten sitt noverande løp, sjølv om traseen ikkje er arkeologisk påvist i sin heilskap. Frå Mariakyrkja mot Holmen er det vanleg å anta at 'stretet' gjekk omtrent rett mot Sandbru og hovudporten til Håkon Håkonssons kongsgard som låg innanfor det som i dag er Bergenhus festning.

Under gatedekket i Øvregaten ligg det infrastruktur som røyr og kablar, noko som har ført til fjerning av kulturlag frå mellomalderen. Det er likevel eit stort omfang av intakte kulturlag frå mellomalderen med tjukne inntil 3 m, både i den nordre enden ved Mariakyrkja og i den søre enden ved Vetrilidsallmenningen.

Bryggen vart skriven inn på verdssarvslista etter kriteriet iii) «Be unique, extremely rare, or of great Antiquity». Internasjonale evalueringsrapportar peiker spesielt på omgjevnadene, gatenettet frå mellomalderen, Vågen, kaiene og fjella, som spesielt viktige å ta vare på for å oppretthalde integritetsverdiane. Hanseatisk museum sin bygningsmasse inngår i verdsarvstaden. Gjennom heile Bryggen sin historie har det vore kontakt mellom bygningane og Vågen. Bygningane sin langstrakte struktur, med gavll mot sjøen, har vore i bruk sidan byen vart anlagt på 1000-tallet. Passasjar, dråpefall og allmenningar er alle lagt slik at dei peiker ut mot sjøen, eit element som òg er teken opp på andre sida av Vågen. Denne nøye planlagde bystrukturen var knytt til oppbygginga av Bergenshandelen.

Alternativet med Bybanetrasé i dagen vil ligge innanfor reguleringsplanen *Vågen, kaiene og Bryggen* som ble vedtatt 2006. I samband med arbeidet med denne planen vart det peika på at Bryggen sin status ved å være tatt inn på UNESCOs liste over verdas kulturminne, inneber oppfølging og krav om etablering av ein buffersone. Heile planområdet i reguleringsplanen er derfor regulert til spesialområde vern som buffersone rundt verdsarvkulturminnet. § 2 i reguleringsføresegnene krev at alle tiltak, spesielt i nærområdet til verdsarvstaden Bryggen, skal utformast slik at vernebehovet i og rundt verdsarvkulturminnet vert sikra. Vidare er det føresegner knytt til bevaring av heilskapleg kulturmiljø, sikring av byromskvalitetar, levande byrom og fotgjengarprioritert område. Bergenhus festning med bygningar og ruinar frå mellomalder og grøntområda heng saman med Vågen, Bryggen og Skuteviken. Bergenhus festning er vedtaksfreda gjennom forskrift fastsett av Riksantikvaren i 2006.



### **Riksantikvaren sine merknadar**

Bryggen er verdsarvstad. Sandbrogaten har dei eldste og viktigaste kulturlaga i Bergen og Øvregaten var ferdselsåra frå Holmen i mellomalderen til Vågsbunnen. Dette inngår også i dag i eit viktig heilskapleg kulturmiljø med Mariakyrkja. Delstrekning 1 Kaigaten – Sandbrogaten vil få innverknad på dei nemnde kulturminna som har nasjonal og internasjonal verdi. Riksantikvaren har i sine tidlegare innspel gjort klart at dagalternativet er i uakseptabel konflikt med desse kulturminna. Den delen av delstrekning 2 som ligg innanfor avgrensinga av mellomalderbyen vurderer vi at ikkje er i stor konflikt med kulturminne.

### Verdsarvstaden Bryggen

Bryggen er verdsarvstad og del av eit større kulturmiljø med Bergenhus festning (vedtaksfreda gjennom forskrift fastsett av Riksantikvaren i 2006), Skuteviken, Vågen og Vågsallmenningen. Ein ideell situasjon vil være eit område som er mest mogleg fritt for motorisert ferdsel. Kommunen planlegg på si side ei bybane i begge retningar framfor Bryggen samstundes med at biltrafikken skal gå der i ein retning, jf. konsekvensutreiinga, sjølv om dei vil prøve å redusera denne. Ein bybane framfor Bryggen inneber nok eit trafikkelement som vil gi barriereverknad. Det er òg planlagd å heve banelekamen. Direktoratet har tidlegare peika på at ei bybane med mastar, togsett på meir enn 40 meter og oppbygging av banelekamen, vil innebere ein stor barriereverknad og vil redusere kontakten mellom Vågen og Bryggen.

Bybanen vil truleg i framtida heller få fleire enn færre avgangar og situasjonen for opplevinga av kulturminna i området blir då enda verre. Riksantikvaren skreiv i brev datert 06.05.2013 at Bybanen i eit slik perspektiv blir meir å samanlikne med ein metro.

Riksantikvaren gjer merksam på at når det gjeld tiltaket sin innverknad på verdsarvstaden Bryggen, er det Klima- og miljødepartementet som er ansvarleg for å varsle UNESCO eller ICOMOS internasjonalt om ein mogleg trussel mot verdsarvstaden Bryggen. Det som då må vurderast er tiltaket sin innverknad på verdsarvstaden ut frå § 172 i Operational Guidelines for the Implementation of the World Heritage Convention. Riksantikvaren viser til at det i Second Cycle Periodic Report for Europe datert 1.7.2014 vart rapportert inn at det føreligg planar om bybane framfor Bryggen.

Riksantikvaren viser vidare til at UNESCO nasjonalt og internasjonalt har bede om ei utgreiing om saka, og fått svar frå Klima- og miljødepartementet i brev datert 26.02.2014 og 23.02.2015. Det viser at UNESCO har merksemd på saka og konsekvensane Bybanen vil kunne få for verdsarven.

### Øvregaten

Øvregaten er planlagd som avlastningsveg for biltrafikk som ikkje lenger skal gå over Bryggen. Riksantikvaren meiner dette er uakseptabelt, jamfør våre tidlegare innspel. Øvregaten kan ikkje vere ein avlastningsveg. Det heilskaplege kulturmiljøet og Mariakyrkja vil ikkje tole ein auke i trafikken, og kulturlaga vil kunne bli skada direkte eller indirekte, til dømes ved setningsskadar.

### Sandbrogaten

I Sandbrogaten ligg dei eldste og viktigaste kulturlaga i Bergen. Riksantikvaren har vore òg er framleis kritisk til om det finst gode løysingar for å redusere inngrep i kulturlag, hindre endring i grunnvatnivået og setningsskadar i Sandbrogaten og influensområdet.

Det er potensial for skadar på automatisk freda kulturminne i samband med bygging av tunnelinngang i Sandbrogaten. Bakgrunn er mogleg senking av nivået på grunnvatnet. Ved eventuelle grunnundersøkingar i dette området vil Riksantikvaren krevje arkeologisk undersøking for dokumentasjon av kulturlaga, bevaringstilstand og bevaringsforhold, og etablering av brønner for logging av referansedata for tilstanden på kulturlaga. Data frå desse undersøkingane og målingane vil være sentrale dersom Riksantikvaren må ta stilling til spørsmål om dispensasjon frå kulturminnelova. For etablering av infrastruktur og riggplass kan det være aktuelt med supplerande arkeologiske undersøkingar i samband med planprosessen for avklaring av konfliktpotensialet på desse punkta.

Området ved Sandbrogaten har permeable grunnforhold som er særst ømfintlege for senking og påverknad på grunnvatnet. Tunnelinnslag i Sandbrogaten vil føre til store hydrogeologiske utfordringar med strenge tettingskrav.

Sprenging og anleggsverksemd i samband med bygging av tunnelinngang og etablering av riggplass har også potensial for å kunne skade kulturminne. Det er risiko for store sprengingsvibrasjonar som kan være skadelege for Sverresborg.

Riksantikvaren må òg vurdere om ein tunnelinngang i Sandbrogaten vil være i konflikt med fredinga av Bergenhus med hovudfestningen, Koengen og Sverresborg. Festningsanlegga var i mellomalderen særst viktige for byen sin identitet og særpreg, og er forskriftsfreda etter kulturminnelova. Formålet med fredinga er å ta vare på eit, i nasjonal samanheng, eineståande anlegg med vesentleg historisk betydning. Tunnelinngangen vil kunne være i strid med fredingsføresegnene for festningsanlegget.

Plangrensa for varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid for Bybanen frå Sentrum til Åsane er etter det Riksantikvaren forstår annleis enn den som vart konsekvensutgreia. Varslingsområdet inkluderer mellom anna fleire kaianlegg på Bontelabo og i Sandviken for å skipe steinmassar ut med båt.

Slik Riksantikvaren tolkar dette, er ikkje desse tiltaka konsekvensutgreia og dei vil kunne kome i konflikt med kulturminne av nasjonal og internasjonal verdi som Bergenhus festning, verdsarvstaden og kulturlaga i Sandbrogaten og influensområda. Riksantikvaren meiner derfor dette må konsekvensutgreiast.

### **Konklusjon**

Bryggen er verdsarvstad. Sandbrogaten har dei eldste og viktigaste kulturlaga i Bergen og Øvregaten var i mellomalderen ferdselsåra frå Holmen til Vågsbunnen. Dette inngår også i dag i eit viktig heilskapleg kulturmiljø med Mariakyrkja. Delstrekning 1 Kaigaten – Sandbrogaten, planid. 65800000 er i alvorleg konflikt med desse kulturminna som er av nasjonal og internasjonal verdi.

Direktoratet meiner kommunen må ta eit anna trafikalt grep for å løyse problematikken kring verdsarvstaden Bryggen. Det inneber at Øvregaten ikkje kan bli ein avlastningsveg. Det heilskaplege kulturmiljøet og Mariakyrkja vil ikkje tole ein auke i trafikken i Øvregaten, og kulturlaga vil kunne bli skada direkte eller ved setningsskadar. Riksantikvaren har vore òg er framleis usikker på om det finst gode løysingar som kan redusere inngrep i kulturlag, hindre endring i grunnvatnnivået og setningsskadar i Sandbrogaten og influensområdet.

Kaianlegg på Bontelabo, rigg- og anleggsområde er ikkje konsekvensutgreia. Ein har derfor ikkje oversikt over konsekvensane dette vil kunne få for Bergenhus festning, verdsarvstaden og



kulturlaga i Sandbrogaten og influensområda. Etter Riksantikvarens meining må det konsekvensutgreiast.

Det er Noreg som nasjon som har teke på seg ansvaret for å ivareta verdsarvstaden Bryggen og halde seg til beste praksis. Riksantikvaren gjer merksam på at når det gjeld tiltaket sin innverknad på verdsarvstaden Bryggen, er det Klima- og miljødepartementet som er ansvarleg for å varsle UNESCO eller ICOMOS internasjonalt om ein mogleg trussel.

Riksantikvaren forstår at Bybanen er eit viktig tiltak for Bergen, men samstundes må det takast nok omsyn til dei nasjonale og internasjonale kulturminneverdiane. Direktoratet har heile tida sagt at tunnel med innslag i Christies gate eller Peter Motzfeldts gate er ei betre løysing for kulturminneverdiane, og vi understrekar at vi framleis meiner dette.

Bergen kommune må søke å finne løysingar på dei konfliktane som Riksantikvaren har peika på slik at kulturminne av nasjonal og internasjonal verdi ikkje blir truga. Viser det seg at dette ikkje er mogleg, vil direktoratet vurdere å be Hordaland fylkeskommune om å reise motsegn mot forslag til detaljregulering for delstrekning 1, Kaigaten – Sandbrogaten, planid. 65800000.

Riksantikvaren ber om at direktoratets innspel blir innarbeidd i fylkeskommunens fråsegn.

Beste helsing

Isa Trøim (e.f.)  
fung. avdelingsdirektør

Kristine Johansen  
seksjonssjef

**Brevet er elektronisk godkjend**

Kopi: Klima- og miljødepartementet, Postboks 8013 Dep, 0030 OSLO